

**Fra:** "Erik Kvalheim" <Erik.Kvalheim@etne.kommune.no>  
**Sendt:** onsdag 30. april 2025 11.00.58  
**Til:** "Annie Beret Ås Hovind" <anho@nve.no>  
**Emne:** Uttale, endring, Akslandselva i Etne kommune

Hei.

Syner til kontakt om utsett frist for å gi uttale. Dette tok diverre lenger tid enn håpa, men her er vår uttale:

Søknaden gjeld ei mindre endring av slukeevne; ei auke frå 0,67 til 0,73 m<sup>3</sup>/sek., som gir ein gjennomsnittleg reduksjon i vassføring på 3,5 %.

I opphavelg søknad for Aksland kraftverk, i rapport om biologisk mangfald (Ambio 2009) er registrert naturtype bekkekløft sett til **middels verdi (s. 21)**, og verknaden av tiltaket til **middels negativ (s. 24)**. Der følgjer ikkje ei særskilt fagleg vurdering i endringssøknaden, om verknaden for bekkekløfta som følgje av 3,5 % lågare vassføring i snitt. Slik vi les opphavelg rapport er det lite som tyder på at ei såpass marginal endring ville gitt endring av vurdert verknad for bekkekløfta enn **middels negativ**; og ei heller endringar for andre fagtema, t.d. fisk og landskap. Vi klipper nedanfor inn oppsummeringa frå s. 25 i rapporten, der det m.a. er vurdert at Akslandselva ikkje framhevar seg særskilt i høve til andre nemnte vassdrag i vår kommune. Dei spesielle førekomstane av naturbeitemark og beitesopp vert ikkje påverka av omsøkt endring.

## 6.2 Sammenligning med øvrige nedbørfelt/andre nærliggende vassdrag

Ambio Miljørådgivning har under søkt flere andre vassdrag i Etne kommune i forbindelse med småkraftutbygginger. Dette gjelder lokaliteter som ligger noe lenger inn i kommunen, men det er likevel relevant å sammenligne disse vassdragene med Akslandselva. Referansevassdragene er Høylandselva øst for Etne, samt Ripelselva og Miljetelgelva ved Åkrafjorden

Hovedinntrykket er at Akslandselva og omgivelsene til denne ikke fremhever seg i forhold til de overnevnte elvene. Ripelselva og Høylandselva vurderes å ha vel så stort mangfold av krevende plantearter i elvejuvet som det en finner i Akslandselva. Forekomsten av vilt fremhever seg ikke spesielt ved noen av lokalitetene, og vurderes som representative for kommunen. Det spesielle med Akslandselva er forekomstene av naturbeitemarker og beitesopp. Dette er svært viktige lokaliteter, og trolig blant de viktigste i kommunen.

-----  
Der kjem inn fleire småbekker og ei litt større elv inn i Akslandselva frå sør nedom dagens inntak, som bidreg til restvassføring i vassdraget. Nemnte elv i sør låg inne i den opphavelge søknaden for utbygginga, men vart teke ut av planane undervegs. Elles så syner nedbørsdata dei siste tiåra at nedbøren aukar i landet, inkl. vårt distrikt.

Planlagt endring er oppgitt å gi tilnærma ingen kostnadar for søkjar, sidan turbin og generator har ledig kapasitet. Endringa gir auke i produksjon av rein energi, om enn ikkje så stor. Dei negative verknadane synast å vere marginale.

Såleis synast der å vere klart større nytte enn ulempe knytt til dei omsøkte endringane. Basert på opphavleg søknad, inkl. rapport om biologisk mangfald, og høyringsinnspel og vurderingar gjort for omsøkt endring, synast krava i naturmangfaldslova § 7, jf. §§ 8-12 å vere oppfylte, slik vi ser det.

Etne kommune rår til at søknaden vert stetta.



**Helsing**

**Erik Kvalheim**

*Seniorrådgjevar*

Tlf: 53 75 82 21 Mobil: 98 60 59 72

E-post: [erik.kvalheim@etne.kommune.no](mailto:erik.kvalheim@etne.kommune.no)

**Etne kommune**

Sjoarvegen 2, 5590 Etne

[www.etne.kommune.no](http://www.etne.kommune.no)

